



Fisking



rekreasjon og matauk

Fisking

- rekreasjon og matauk

Fiske er for mange ein kjær hobby, ei sentral kjelde til rekreasjon og eit viktig bidrag når frysaren skal fyllast opp til vinteren. Interessa for fiske ser ut til å halde seg godt, og mange yngre fyller opp i rekkjene av fiskeintereresserte ottadølar. Det er flust av moglegheiter for den som vil prøve seg på det blinkande "sølvet" i elv og vatn. Den tunge sekken og dei lange motbakkane blir gløymde når

garna er på plass i vatnet, teltet oppsett og kaffien helt opp i koppen. I skumringa når storauren kastar seg over fluga og tankane, som er heilt andre stader, fullt og heilt blir fokuserte på ryggen som det buldrar i ute i vatnet. Om regnet skulle plaske og vinden skulle ule, blir slike turar hugsa med glede. Naturen, spenninga, stillheita, den mektige naturen og avkoplinga. *Foto frå Råkåvatnet 1990.*



Ikkje alltid vore fisk

Innsjøar og elver oppstod etter siste istid for 10000 år sia. Fisken i norske vassdrag kom fyrst frå vest, direkte frå havet. Artar som kunne gyte og overleva i ferskvatn, som auren og røya, etablerte seg etter kvart i innlandet. Austersjøen var eit ferskvassdepot og betydde mykje for innvandring av fisk frå sør og aust. Landet hadde ikkje heva seg så mykje, og fisken frå austersjøområdet kunne ta seg fram gjennom Sverige til store delar av austlandet, Trøndelag og Finnmark. På denne måten kom harren hit til lands.

Av dei i alt 41 forskjellige fiskeartane som finst i norske vassdrag, er auren dominerande i området vårt. I Juvvatnet, 1835 moh, finst den høgstliggjande førekomsten av arten her til lands.

Aure på Tesse lenge før Heilag Olav

I Buskerud er det funne gamle restar etter fisk 1100 meter over havet, som daterer seg så langt attende som 6000 år. I indre høg fjellstrakter av austlandet vart fisken sett ut etter kvart som folk etablerte seg i området. Det er funne gjenstandar på Tesse som kan vere søkke frå garnfiske så langt attende som rundt år 600 e. Kr. Søkka er forma som skistavtrinser med ein tynn trering av einer rundt og ein stein festa åt ringen med bjørkenever.

Det har vore fiska på Tesse lenge før Olav den Heilage kom til dalføret i 1021. I eit udatert diplom skrive om lag 200 år seinare, vart Tesse gjeve til Torgeir Gamle på Garmo og etterkomarane hans. Vårdølane visste svært godt den gongen kva Tesse var verd som leveveg. I og med at det var funne 6000 år gamle beinrestar etter fisk på Hardangervidda, er det mykje sannsynleg at det var fisk også på Tesse tidleg.

Ottaelva - "Norges beste fiskeelv"

Så lenge det har vore fisk på Tesse, har det også vore fisk i Vågåvatnet, Skim og heilt opp til Høgfossen. Røya var truleg den fyrste arten som innvandra til ferskvatn i Norge etter istida. Røya er ein sjeldan gjest oppover i vassdraget, og aldri å få på kroken ovafor Tronobrue. Ottaelva har også vore ein storprodusent av harr etter at dette fiske-slaget vart utsett ved Vågå rundt 1900. Karussen held til i enkelte område av vassdraget med liten sirkulasjon i vatnet. Ørekyta, eller goløya som fisken òg blir kalla, har også funne seg til rette i Ottaelva. Det er likevel auren som er den dominerande arten.

For over 3000 år sia (1200 år f. Kr.) skal den fyrste busetjinga ha kome til Ottadalen. Somme meiner dei fyrste kom frå vest, andre meiner dei kom frå aust. Det er også teoriar om at dei kom over fjellet frå Lesja og busette seg langs elva.



Ivar Kleiven skriv i "Lom og Skjåk" om den fyrste rydding og bygging ved Ottavatnet – kor vidt dette er riktig etter historiske faktamål, får stå si prøve: "Lesjingann va saa um se etter vei'ing og fising, døm, i di gamle ti'om: kvar vaar naar vatne vart isfrie, kom døm over fjelle ne' aat Vaagaavatne, for d skulde vera reint overlage te go'e fiskevatn, de i di eldste ti'om. Døm bygde se bue fyrst ve Sandbu paa Vaagaa, "Sandbuinn" døm kalla, og etter hand drag dom se lenger og lenger nor'ette vatne, te døm kom radt uppi Lom. Deruppi tykte døm vel um se og bygde se fiskebue nor'paa Hofstrond'n; gardane Bustad og "Buingsaakr'ann" paa Bøgje ber enno namn etter di fiskebuom, Lesjingann sette upp der. I di ti'om sto' tjukke

furuskogen like ne'i vassbreddenn paa baee si'o, og i li'om va de fullt med villt taa alle slag, difor lika døm se framifraa paa desse fine strondom. Sume 'taa desse fiskarom bar te aa tykkja, de skulde vera lugumt aa rødja se heimsta'e og taakaa se faste busta'e her ved Ottavatne."

Når Kleiven skriv "Lom og Skjåk" tidleg på 1900-talet, omtalar han fisken i Ottavatnet og Vaagaavatne som skrinn elvefisk. "På sume steller va de førr nogo betre, men no held haar'n paa aa breie seg her og auren kann staa ifare for aa døye ut".

Mare nostrum

Ottaelva med Vågåvatnet, Grønfjorden og Skim slyngjer seg gjennom alle tre ottadalskommunane. På felles formannskapsmøte i januar 2008 vart det under temaet "Lom og Skjåk bygdeutvikling – utfordringar og samarbeid" mellom anna stilt spørsmål om tida (på nytt) er inne for å tenkje på Skim, Grønfjorden og Vågåvatnet som eit felles innhav – *mare nostrum* – i Ottadalen? Eit hav, dvs. eit vatn, som vi alle grensar opp mot og som knyter oss saman.

Mange ser på Ottaelva som den beste fiskeelva i Norge, med eit stort potensial både for innanbygd og tilreisande fiskeinteresserte. Elva får mykje omtale i media for det rike fisket og får eit stadig betre omdømme i sportsfiskekretsar.

"Småfallen fisk på Pollvatnet"

Ottaelva har sitt utspringet i Djupvatnet på 1016 moh på vassvenda mot vestlandet. Til samløpet med Lågen ved Otta på 287 moh er det 130 km. Ottaelva er den største tilløpselva til Gudbrandsdalslågen.



Ulf Kolbergstrud med 5,6 kg aure teken på sluk på Polvatnet 2006. Foto: Reidar Korsen.

Pollvatnet, 578 moh, er 2,5 km langt, og vatnet herifrå renn ned i Heggebottvatnet, som ligg seks meter lågare i terrenget. Med bakgrunn i dei planlagde utbyggingane i Øvre Otta vart det i 2004 gjort prøvefisking i desse vatna. Konklusjonen var at auren i Pollvatnet var "småfallen", og at det var relativt tett med fisk med mykje aure i høve til næringsgrunnlaget. I baa vatna var det konkludert med at uttynningsfiske av mindre fisk ville gjera godt. På bakgrunn av tilsvarande undersøkingar gjort av fiskerikonsulenten i Øst-Norge i 1969 er det mykje som tyder på at det har vore ei positiv utvikling på Pollvatnet dei siste 30 åra.

Trass i karakteristikken "småfallen" frå undersøkingane på Pollvatnet i 2004 dukkar det stadig opp rapportar om fangst av stor fisk her. Berre to år seinare tok Ulf Kolbergstrud ein sværing på 5,7 kg og to andre ruggar på over to kilo på sluk.

Også i tidlegare tider er det henta ut storfisk frå Pollvatnet. Det er fortalt at ei jente frå Heggebotn rundt 1860 skal ha teke så stor fisk med stong og mark at ho ikkje greidde å avlive fisken.

Flugefiske frå 2007, eit svensk friluftsliv og Villmarksliv nr. 3/2005 med oppslag på Ottaelva som fiskeelv.





Der elva Skjøle munnar ut i Otta, kan det stå gytevandrarar som har kome opp frå Skim.
Foto: Morten B. Stensaker.

Hølen ville hatt høg døgnleige

"Alt om Fiske" hadde seinast i februarnummeret 2010 eit seks siders flott oppslag om fiske i elva frå Skim og vestover til Pollvatnet, der kjentmann Erling Dagsgard tek lesarane med på ei vandring langs elva med stong og spinnar ein septemberdag. "Hadde dette vært ei lakseelv, tipper vi at hølene ville hatt en høy døgnleie!" er ein av konklusjonane til journalist Morten B. Stensaker etter ein stopp ved elva ved Nordberg kyrkje. Også tidlegare har det vore store oppslag om Skjåkjella i dette magasinet.

Held fisketradisjonane på Skim i hevd

Lars Bakkom er ein av dei heller få som held garnfisketradisjonane på Skim i hevd. Lars står for om lag 20 netter med garnfisking i løpet av sommaren og anslår garnfisket på Skim elles til kanskje å vera det same, slik at det samla blir fiska mellom 40 og 50 netter. Utover på 60-talet var det mange lag som fiska jamt utover sommaren. Garnrekkjene stod tett i tett "nordover" vatnet, og særleg frå august og utover seinsommaren var det svært aktivt fiske. Den gongen var harren å få kjøpt på butikkane både i Lom og Skjåk.

Fangstane kan variere, men det ligg oftast på ein 40–70 fisk på ei natt, noko som gjev ei samla fangst på ein sommar på om lag 300 kg. På 70-talet var det stort sett harr som var å finne i garn, saman med ein og annan aure og så vidt nokre karussar. I dag er det mest aure og denne er jamt over raudare og finare i kjøttet enn tidlegare.

Noko som har endra seg både på Skim og mange stader elles, er at måsen nå er eit vanleg innslag i strandkanten. For 30 år sia var det ikkje mykje å sjå av "den karen" her i området.

Det er interesse for "elvefisken" lokalt på ymse turiststader, og ein del av fangsten går også til helseheimen i Lom, der harren blir foredla til fyrsteklasses harrkaker – eit populært innslag i menyen.



Idyllisk fiskevær i vasskanten på Skim.



Rangvald Husom tek opp garn på Skim ein fin sommarmorgon i 1974. Båe foto: Lars Bakkom.

Fiske ved Staurust og Bergon

Rasmus Staurust var ein av mange ivrige fiskarar på Skim rundt 1900. Rasmus hadde ei eiga fiskehytte på odden, som nå blir kalla gapahuken på solsida på Skim. Der kunne han halde til det meste av somrane og fiske med garn frå snekka si. Fisken brukte han mellom anna til å leggje råkåfisk.

Det er fortalt at presten i Lom på den tida, Lorentz Smith, arbeidde for at prestegarden og Staurust som grunneigarar skulle få einerett på fisket på Skim tidleg på 1900-talet. Dette tykte ikkje

Rasmus var nokon god ide. - Eg trur det er nok fisk til alle her eg, var svaret han ga.

Også i Bergon har det vore hausta mykje av matkammeret på Skim. Ein gong langt attende var det sagt at ei garnnatt resulterte i åtte bytter aure og fire bytter harr. Men også i seinare tider har fisket gjeve resultat. For fem år sia resulterte fiske med 20 garn nesten 250 fisk, stort sett fin aure. Tilhøva i Staurustlandet har endra seg mykje etter at elveløpet i Bøvra vart endra og brua over til Tronoodden kom. Det vart meir drag i elva med meir straum og vanskeleg å få garna til å stå godt.



Rasmus Staurust med båten sin på Skim ein seinsommar rundt 1911. I båten elles sit Hanna Haukdalen og Eldri (f. 1908). I båten hadde Rasmus med seg sykkel, som han brukte frå Synstnes og på Bergje, dit han sikkert også ofte hadde med seg fisk. Fiskegarna er på plass over båtripa. Oppe i tunet har fotograf Stakston samla familie, tenarar og husmenn som er i fullt arbeid med haustonna. Foto utlånt av Ola Staurust Bøye.

Anders Sveen i Lom var av dei mest aktive, og leverte saman med Gunnvald mykje fisk til hotella og butikane i Lom. Anders bygde seg eige røykjeri i Sveen, og både han og resten av familien tykte harren både eigna seg og smakte best.

Tidlegare var det fiska både til matauk og for salg. I dag er det kanskje litt for lett vint å gå på butikken og kjøpe fisk – kanskje til og med fisk frå andre kontinent og verdsdelar.

Notfiske på Grønfjorden

I tidlegare tider var det aktivt notfiske på Grønfjorden. Gardane Torstugu og Grøna, som er sjølvne opphavet til Grønfjordnamnet, har hatt notrett i Ottaelva i uminnelege tider. Notretten var nemnt så tidleg som da Storofsen gjekk i 1789, og alderen på retten var ikkje kjend ein gong da. Edvard Grimstad skriv i "Etter gamalt, 1959" om Ola Olsson Grøna (f. 1740) som fiska med not på Grønfjorden i det 17. hundreåret. Notfisket på Grønfjorden heldt fram til på 1960-talet.

Fisket gjekk føre seg om våren med det same isen gjekk opp, gjerne i slutten av april når harren var på gytevandring oppover elva. Og så var det ny sesong om hausten fram til isen la seg, når fisken var på veg nedover elva att og ut i Vågåvatnet.

Det kunne vera kolossale fangstar som vart henta opp av elva. Ein gong på 30-talet vart det rekna meir enn 1000 fisk på eitt notkast. Det er ikkje sikkert nota vart brukt meir den dagen. Det var majoriteten harr, men også mykje aure – også ein og annan stor. Seinhaustes var harren på det finaste, og det var ikkje bruk for meir enn tre-fire fiskar før ein hadde ein kilo. Det kan derfor ha vore så mykje som 250–300 kilo fisk i dette rekordkastet. Det vart ved enkelte høve fiska så langt oppover elva som til Stamstad med nota.

For gardbrukarane Johannes Grøna og Oluf Torstuen var dette ei viktig attåttnæring. I tillegg til eige bruk til folk og fe var det mange faste kundar innom Grøna på fiskehandel. Johannes hadde også faste turar med båt og sykkel på Bergje der han hadde faste mottakarar. Delar av sommaren var dette nærmast ein heiltidsjobb, der det ikkje vart tid til stort meir enn fiske og etterarbeid.

I dag er elva heilt forskjellig frå den gongen utanfor Grøna. Der dei fiska med not og garn på djupt vatn på 50-talet, er det nå berre sanddyner. Djupålen endrar løp for kvart år, og det er mykje grønnske i elva, til sjenanse for fisket. Auren dominerte fangstane tidleg på 1900-talet, men dei siste åra notfisket vart drivi, var det stort sett harr i fangstane. I seinare tider ser det ut til at

auren igjen er i ferd med å overta hegemoniet på Grønfjorden. Harren var godt likt – gjerne som rakk-fisk. Når det var store fangstar, vart harren gjerne bytt mot andre varer som til dømes søtlepe.

Oluf Torstuen og Johannes Grøna med notkast ved Grøna i oktober 1959. Resultatet var ei sinkbytte med harr. Vassføringa i Grønfjorden var god trass i at dette er langt ut i oktober. (Foto: Jostein Pedersen G/LT, utlånt av Trond Grøna.)



Storruse i Garmo

Dei siste fem åra har det vore fiska med storruse i Vågåvatnet utanfor Garmo. Kjell Bengtsen og Bjørn Birkeland vitja Jotunheimen Fisk hjå Ola Eggen i Espedalen, og det vart utarbeidd planar for eit fiskeprosjekt i regi av Vårdalen grunneigarlag, der målsetjinga er å gjera fisket og vidareforedling av fisk til attåttnæring.

Ei anna målsetjing med arbeidet er å ta ut småfisk for å betre kvaliteten på fisken. Garmo fritidsbåtforening har opparbeidd båthamn med hytte og kjøpt inn båtar til utleige for bygdefolk og tilreisande.

Storrusa, som initiativtakarane har knytt sjølve, har vore i vatnet frå tidleg på sommaren når ureinska i vatnet er borte til ut i oktober kvart år sia 2004. Midt på sommaren blir rusa tømt kvar dag på grunn av høg temperatur i vatnet.

Kvar sommar blir det teke ut fleire tonn med fisk i rusa. Eit par tonn er småfisk. Det er ført loggbok over fangstar for kvar dag rusa er tømt. I starten i 2004 var det mykje smårøye med dårleg kvalitet, mykje harr og faktisk også fleire hundretals karussar. Nå er fisken finare og penare. Det er



mindre med harr, og både auren og røya har kome seg betrakteleg i kvalitet, ofte med fin raudfarge på kjøttet.

Storrusa består av eit leiegarn om lag 100 meter utover frå land, som dekkjer heilt frå botnen og opp til overflata. Når fisken går seg på leiegarnet, går han inn i det fyrste fangstkammeret, og så inn i sjølve fangstrommet, der han blir henta opp.

Det har etter rapportane vore fiska lite på vatnet utanfor Garmo ellers dei siste åra. Sist sommar var det teikn til at fleire syner interesse for fisket.



Utsetjing av storruse i Garmo juli 2005. Foto utlånt av Bjørn Birkeland.

Storruse i Garmo

Dei siste fem åra har det vore fiska med storruse i Vågåvatnet utanfor Garmo. Kjell Bengtsen og Bjørn Birkeland vitja Jotunheimen Fisk hjå Ola Eggen i Espedalen, og det vart utarbeidd planar for eit fiskeprosjekt i regi av Vårdalen grunneigarlag, der målsetjinga er å gjera fisket og vidareforedling av fisk til attåttnæring.

Ei anna målsetjing med arbeidet er å ta ut småfisk for å betre kvaliteten på fisken. Garmo fritidsbåtforening har opparbeidd båthamn med hytte og kjøpt inn båtar til utleige for bygdefolk og tilreisande.

Storrusa, som initiativtakarane har knytt sjølve, har vore i vatnet frå tidleg på sommaren når ureinska i vatnet er borte til ut i oktober kvart år sia 2004. Midt på sommaren blir rusa tømt kvar dag på grunn av høg temperatur i vatnet.

Kvar sommar blir det teke ut fleire tonn med fisk i rusa. Eit par tonn er småfisk. Det er ført loggbok over fangstar for kvar dag rusa er tømt. I starten i 2004 var det mykje smårøye med dårleg kvalitet, mykje harr og faktisk også fleire hundretals karussar. Nå er fisken finare og penare. Det er



mindre med harr, og både auren og røya har kome seg betrakteleg i kvalitet, ofte med fin raudfarge på kjøttet.

Storrusa består av eit leiegarn om lag 100 meter utover frå land, som dekkjer heilt frå botnen og opp til overflata. Når fisken går seg på leiegarnet, går han inn i det fyrste fangstkammeret, og så inn i sjølve fangstrommet, der han blir henta opp.

Det har etter rapportane vore fiska lite på vatnet utanfor Garmo ellers dei siste åra. Sist sommar var det teikn til at fleire syner interesse for fisket.



Utsetjing av storruse i Garmo juli 2005. Foto utlånt av Bjørn Birkeland.

Aktivt fiske på Ripstrond

Vågåvatnet har vore eit matkammer i uminnelege tider. Langs landet på båe sider har fisket vore aktivt både sommar og vinter. Fisken har vore eit viktig innslag i kosthaldet i hundrevis av år.

På Ripstrond vart det fiska nær sagt støtt. Asbjørn Brun tok over arven etter faren Ola og hadde saman med dotter Berit garn i vatnet så å si kvar einaste natt sommarstid fram til Asbjørn gjekk bort i 2002. Om våren var det teke mykje harr. For å få tak i auren vart det fiska på djupt vatn.



Asbjørn Brun tek opp garn på Ripstrond.
Foto utlånt av Berit Jeanne Brun.



Om vinteren var det heller ikkje pause i fiskinga. Da måtte røya til pers i ruser med kjuke som lokkemat. Vinterfisket var absolutt best når det var skikkeleg kaldt, og det kunne vera opp mot hundre røyer i rusa på det meste. Det har etter kvart vorte for mykje røye og problem med mark i fisken. Det vanka også ein og annan karuss og noko goløye i garna. Brunfamilien har gått systematisk til verks i fisket og bokført logg i fleire tiår. I denne loggen går det fram kor mykje fisk som har vore teken, fordeling av fiskeslag og vekta på fisken. Utviklinga når det gjeld fisket på Vågåvatnet er den same som elles i Ottaelva. Det er langt færre som fiskar, og harren må etter kvart vike plass for auren. Denne blir finare og finare både når det gjeld vekt, kondisjon og farge.

Lågåsild i Vågåvatnet

I fylgje fiskerikonsulenten i Øst-Norge i "Fiskeribiologiske undersøkelser i Otta- og Lågen-vassdraget 1969-73" var det gjort forsøk med utsetting av lågåsild i Vågåvatnet på 1860-talet. Fiskerikonsulenten konkluderer med at denne fiskearten "tydeligvis ikke har slått til". I dag er lågåsilda ikkje å finne ovafor Hunderfossen. Og bra er kanskje det. Lågåsilda, som er ein laksefisk, har namnet sitt frå Gudbrandsdalslågen og høyrer naturleg heime der.

Mjøsaure i Vågåvatnet

100 år etter forsøket med lågåsild, gjorde det da nystarta Lågen Fiskeelv forsøk med utsetjing av mjøsaure/hunderaure i fleire vassdrag i Nord-Gudbrandsdalen. Formålet med forsøket var å utrydde røya. Vågåvatnet er del av forvaltninga til Lågen Fiskeelv, og i 1973 vart det var utsett mykje hunderaure i vassdraget. Det skulle vise seg at fisken likte seg godt, og det vart teke opp mange flotte eksemplar etter kvart som fisken voks seg stor. I Vågå er det Kjell og Joar Bakke som har rekorden med fisken dei fekk i garnet ein julidag i 1981 ved Tessanden. Heile 8,18 kilogram viste vekta på det 85 cm lange "monsteret". Undersøkingar viste at fisken var 13-14 år gammal og hadde hatt gode dagar i Vågåvatnet. Fisken hadde ei stor røye i kjeften da han vart fanga i 29 mm garn.

Det var teke mange fine eksemplar av mjøsauren, som er karakteristisk sylvblank med svarte prikkar – heilt utan dei vanlege raude prikkane som den opphavlege auren i Vågåvatnet og elles i området har. Også i seinare år har det vore fisk i garnet med typiske særtrekk av mjøsauren. Det er derfor mykje som tyder på at stamma frå utsettinga til Lågen Fiskeelv på 60-talet har overlevd dei nesten 50 åra i Ottaelva. Men røya har ikkje mjøsauren greidd å utrydde.



Kjell og Joar Bakke med storfisken frå julidagen i 1981 som skulle vise seg å vere ein hunderaure som Lågen Fiskeelv A/L hadde sett ut i Ottavatnet i Lom/Skjåk eller i Vågå nesten ti år tidlegare. Foto: Mathias Øvsteng/Dagningen

Svendstadhølen

I Svendstadhølen, har det vore eit eventyrleg harrfiske, særleg om våren rett etter at isen er gått. Dette er ei gytekaske for harren som samlar seg på sandbotnen, og det kan vera både 30 og 40 fisk i eitt garn. Røye finst det ikkje i denne delen av vassdraget. Om våren er det mest harr, frå august og utover blir det teke fin og raud aure her. På 70-talet var det konflikt om fisket i Svendstadhølen og Lalmsvatnet da det var planar om å leggje fisket inn under Lågen Fiskeelv, og at det skulle innførast fiskereglar. Dette var ikkje oppsittjarane på baksida innstilte på. - Svendstadhølen har vore til matauk for sjårdølane i all tid, og slik skal det framleis vera, var ei av utsegnene som vart brukte. Det utvikla seg faktisk til aksjonar blant dei mange fiskarane som samla seg på elva i eit 30-tals båtar frå Sjørdalen. *Vikingene samlas til strid*, var overskrifta i avisene. I dag er det ikkje mange som nyttar seg av denne matauken.



Ola Lillebråten (t.v.) og Halfdan Kluften med flott fangst frå Svendstadhølen august 2008. 62 fisk på to garn - alt saman aure. Foto utlånt av Halfdan Kluften.

“Hårrhol”

Hårrhol nummer ein i Ottaelva finn vi ved hengjebraua over Grønhølen ved Nessebrue i Vågå. Staden har da også fått namnet Hårrholet. På grunn av den sterke straumen er det sjeldan at staden er islagd. Det er derfor vanleg å fiske her når det ikkje kan fiskast andre plassar i elva.



Hårrholet Grønhølen i mars/april. Foto: Ulf Ryen.

Stor fisk på Skim

Det blir stadig meldt om fangst av stor fisk i Ottaelva. Etter kvart som auren igjen har teke over hegemoniet har det dei seinare åra kome stadig hyppigare rapportar om storfisk. Det meste av elva blir islagd om vinteren, og om våren står storfisken i djupålkanten og forsyner seg av småfisken som samlar seg i djupålen. På denne tida er det mange som stiller seg frampå med sluk, fluge eller makk for å lure storfisken.

Erling Resvold og Ola Berget fekk seg eit skikkeleg sjokk da dei skulle ta opp garna ein augustmorgon i 1996. Det er fast rutine å ta ein kikk på alle garna før opptaket startar. Dette for å sjekke om det kan vera nokon skikkeleg rugg i garna. Dette vart gjort også denne dagen, og det er nok dei to fiskarane glade for. For der hadde det hekta seg fast ein rugg om seinare skulle vise seg å



Erling Resvold med den fisken han og Ola Berget fanga. Foto utlånt av Erling Resvold.

mangle berre nokre på gram på 7 kg. Dei to fekk laga ein sekk av garnet som dei vippa sværingen om bord i båten med.

Fisken hadde eit livmål på 49 cm, var heile 83 cm lang. Hovudet vart sendt til Norsk institutt for naturforskning, som har konstatert at fisken var 13 år gammal og hadde god kondisjon. Fisken vart fanga på 32 mm garn og er den største fisken det er kjennskap til er teken på Skim.

Erling var med far sin, Olav, på mange turar på Skim og hugsar godt ein tur rundt 1950 da ei runde på vatnet med to otrar resulterte i to fulle bytter med fisk – av desse var det kanskje berre eit par aurar. Det var også reinaste klondyke oppover elva mot Nordalsberget når harren gjekk oppover elva for å gyte om våren. Fisken vart innestengd med garn i små viker og kanalar og fanga i hope-tal. Det er ikkje slike tilstandar med harren om våren lenger. Det er mindre harr og meir aure.



Også tidlegare var det stor aure å få på Skim. Her er Erling med ein rugg på 2–3 kg rundt 1955. Foto utlånt av Erling Resvold.

Fiskeundersøkingar tidleg på 70-talet

På bakgrunn av dei omfattande kraftutbyggingsplanane som var lanserte på 60-talet, vart det gjort fiskeribiologiske undersøkingar i det som vart kalla Jotunheimen aust. Mellom anna var det gjort omfattande prøvefisking og merking av fisk i Ottavatnet ved Staurustøya, Tronoberget, Bakkeøya og i Vågåvatnet frå 1969 til 1972.

Fangst prøvefiske juli og august frå 1969-1972:

	Ant. fisk	Aure	Harr	Karuss	Røye
Staurust	27	75%	25%	-	-
Tronoodden	37	59%	41%	-	-
Vågåvatnet	286	78%	19%	1%	2%

Kondisjonsverdi:

Lengde i cm:	19-21	22-24	25-27	28-30	31-33
Skim	0,94	1,00	1,05	1,04	1,06
Vågåvatnet	1,01	0,96	0,80	-	-

Kondisjonsverdi = vekt i gram * 100/ lengde i cm. Dette gjev eit generelt bilde av kvaliteten på fisken. Ein kondisjonsfaktor lik 1 vert rekna for gjennomsnittet for aure.

Harren - solfisken på vikande front

Harren blir kalla solfisken på grunn av at han ofte bit når sola står høgast på himmelen. Ofte startar vaket straks sola kikkar fram. Det er mange likheitstrekk når det gjeld utsjånad mellom silda (herring på engelsk) og harren.



Harren på vikande front i Ottaelva?
Foto: Thomas Jesting.

Harren vart etter kvart dominerande i Ottaelva etter at han vart sett ut ved Vågå rundt hundreårsskiftet. Dei som hugsar langt attende, fortel at auren var sjeldan gjest i garna til ut i 1960-åra. Før brua ved Tronoodden vart bygd, herska det reine klondykstemninga når "hår'n va komen" tidleg på sommaren. Det var spinnar med to-tre flugeoppheng, og kvart kast vart premiært med to-tre fiskar. Når plastsekken var full, var det båtskyss over elva og transport av harr til butikken der han gjekk rett inn i frysedisken for salg.



Litt av ein fiskefangst (august 2003). Foto utlånt av Arne Bergon.

Harren er vårgytande, og det er vassstemperaturen som avgjer resultatet av gytinga. Lågare vassstemperatur, sterkare straum og aukande mengde av algar i vatnet kan ha gjort livet surare for harren, som er på vikande front i vassdraget.

Harren er ein utprega vandrar som kan gyte både i innsjøar, på innløp og utløp, og i elva. Typisk for Ottaelva er det at harren utanom ein og annan overvintrande "svartharr" oppsøker større djup for



Ingvar Botten med hårrfangst på Grønffjord tidleg på 1960-talet. Foto utlånt av Steinar Botten.

overvintring om hausten. Det har vore eventyrleg harrfiske på Grøn fjorden og vidare nedover vassdraget når harren returnerer frå sommaropphald oppe i elva. Det er om hausten harren er på det finaste etter ein lang sommar oppover elva på gyting og matjakt.

Røya fyrst?



Røya var truleg den fyrst arten som innvandra til ferskvatn i Norge. Røya er aktiv om vinteren og ofte å få ved isfisking. På Flatningen og Surtningen i "Stordalen" og Heimfjellet er isfiske vorte svært populært med mange tilreisande. Røya er ofte å få like etter at isen har lagt seg seinhaustes. I Ottaelva er røya å få i Vågåvatnet og oppover forbi Garmo. Under starten av storusefisket i Garmo i 2004 vart det teke opp mykje røye med dårleg kvalitet. 5-6 år seinare har kvaliteten teke seg opp både på røya og auren.

Foto: Arne Hjelmtvedt.

Seigлива karusse

Området i Øyom rundt Åsjo var tidlegare invadert av seigлива karussar, som faktisk kan overleva nedfrysing og lang tid på land. Det var karuss i kvar ein småpytt i Øyom, og det var ei enkel sak og ein populær hobby å fange denne udelikate skapningene. Forsøk med garnfiske i Åsjo på 70-talet resulterte i veldige fangstar med karuss og ein og annan storaure. Også småpyttar andre stader langs Ottaelva var overfylt med karuss, som faktisk vart brukt som fôr til rev i Skjåk på 1940-talet. Karussen er frå tid til annan framleis å finne i garn både på Vågåvatnet og Skim, og det var i starten på storusefisket i Garmo i 2004 fleire hundre karussar i rusa.



Ufisk nummer ein

Ørekyte (goløye) er sett på som ufisk nummer ein og finst i hovudvassdraget og nokre sideelver til



Ottaelva. I tillegg har fisken vore å finne i Sylvetjønne (1403 moh) sia 1980-talet. Dette er den høgstliggjande registreringa som er gjort her til lands. Ørekyta blir brukt som levande agn, og uforsiktlige fiskarar har nok sleppt ut restane etter avslutta fisking. Sylvetjønne renn ut i Smådøla og vidare ned i Tesse, men det er heldigvis ikkje vore registrert ørekyte i Tesse. Ørekyta kan bli opp til 15 cm lang.

Endringar i Ottaelva



Det er dei siste åra påvist uheldige verknader av vassdragsregulering, grusuttak og andre inngrep i Ottaelva. Etterundersøkingar i regulerte vassdrag blir gjennomført for å få sett i gang og fylgt opp eventuelle tiltak og i ein rapport frå Fylkesmannen i Oppland i 2001 står det m.a.:

"Egnede gyteplasser og oppvekstområder for ungfisken ser ut til å være sterkt redusert av forskjellige inngrep i Ottaelven. Dette fører til redusert rekruttering til aurebestanden. Inngrep lokalt kan for folk flest virke marginale, men oppsummert kan disse få store konsekvenser. I Ottas tilfelle er grusuttakene relativt store og konsekvensene deretter."

I tillegg til endringar som følgje av vasskraftutbygging, er det bygginga av Tronobrua og den nye Sundbrua tidleg på 1970-talet som har medført dei største endringane i vassdraget. Masseuttak ved Sundbrua har medført lågare vassføring i Vågåvatnet og Grøn fjorden med påfylgjande sandproblem langs elva og vanskelege levetilhøve for fisken.



Oversiktsbildet frå rundt 1960. Foto: Steinar Botten.

I ein rapport frå juni 2009 er NVE inne på at inngrep som er gjort i og ved Ottaelva kan ha ført til færre periodar med oversvømming og lengre periodar med opptørking. Det er auka tilsig i vinterhalvåret og dempa flaumvassføring vår og sommar. Endring i tilsig frå Tesse og seinare Øvre Otta har påverka vassføringa i Ottaelva og Vågåvatnet til eit generelt lågare nivå på vatnet.

Maksimumsvassføring om sommaren og perioden med høgaste vassføringar er redusert. Grusen blir førd lenger ut mot deltaskråningane. Reduksjonen i vassnivå vart i etterkant av masseuttaket ved Sundbrua utrekna til inntil mellom 35 og 55 cm, alt etter vassføringa i elva.

Rapporten frå NVE peiker også på at det er sannsynleg at forbygginga langs Bøvre og Tronobrua har ført til at meir masse blir liggjande att på Skim ovafor brua.

Bygging av ein terskel ved utløpet av Vågåvatnet vil etter konklusjonen i rapporten til NVE vera eit effektivt tiltak. Ein slik terskek vil kunne setja sandareala opp til Fossbergom under vatn, men den må da byggjast høgare enn det Glommens og Laagens Brukseierforening tidlegare har skissert. Alternativet er å byggje fleire tersklar lenger oppover vassdraget ved Garmo og Liabrua.

På grunn av den store massetransporten i elva er det i fylgje NVE problem med at det vil fyllast opp med masse bak slik tersklar temmeleg fort. Bøvre er den elva i landet som transporterer mest masse.



Steinar Botten har budd og levd med og ved Grønfjorden heile livet og har engasjert seg mykje for å få attende den "gamle" vassføringa i fjorden. Her frå haustfisket rundt 1965. I 2009 konkluderer Steinar med at Ottavatnet er lågare enn nokon gong.

Grønske i elva

Mange nemner problemet med ei stadig aukande mengde grønnske eller algar i vatnet. Grønnska set seg fast i garna og er enkelte tider så omfattande at fiske praktisk tala er umogleg. Også for oter og stongfiske utgjør dette eit stadig aukande problem.

I rapportar frå 2008 og 2009 frå Vassdragsforbundet for Mjøsa med tilløpselver utført av Norsk institutt for vannforskning (NIVA) er det konkludert med at totalmengda av planteplankton i Mjøsa er sterkt redusert sia 1970-talet som ei fylgje av alle dei tiltaka som er sette i verk for å hindre forureining frå landbruk, industri og kloakk. Gudbrandsdalslågen er lite påverka av næringsstoff og organisk stoff. Nokre strekningar av vassdraget hadde likevel større mengder av algar, mosar og vassplanter. Ei av desse er Ottaelva. Det er konsentrasjonen av fosfor som styrer algeveksten i ferskvatn.

Men også i fjellvatna er det observert ei aukande atgroing av grønnske. Dette gjeld særleg i innlandsfylka i Sør-Norge, og i mange av desse vatna kan algeoppveksten ikkje knytast opp mot tilførsel av fosfor.

I ein artikkel i "Science" basert på data frå norske, svenske og nordamerikanske innsjøar (2009), er det sett søkelys på det globale problemet med menneskeskapt nitrogen i atmosfæren som endar opp i vassdrag og innsjøar. Dette kan føre til overgjødning og aukande algemengde, noko som også er med på å forsterke problema lenger ned i vassdraga.

Betre tilrettelegging

Mange har teke til orde for at det skulle ha vore gjort meir for å leggje til rette for fisket i Ottaelva gjennom opparbeiding av fiskeplassar, informasjon, utleige av utstyr og forvaltning. Det er forskjellig praksis i dei forskjellige delane av elva når det gjeld fiskekort, og det er vanskeleg å orientere seg for tilreisande om reglar, kva for stader det kan fiskast og kva for utstyr som kan brukast.

Lågen Fiskeelv

Andelslaget Lågen Fiskeelv vart stifta i 1965 og omfattar i alt 10 kommunar inkludert Vågåvatnet til grensa mot Lom. Lågen Fiskeelv har som oppgåve å leggje til rette for fiske i Gudbrandsdalslågen og sideelver inkludert Vågåvatnet gjennom informasjon, salg av fiskekort, oppsyn, fiskepleie og kamp mot forureining.

Garmo fritidsbåtforening

Garmo fritidsbåtforening har bygt ut båthamn med klubbhus og bryggje med båtar til utleige. Foreininga har i samarbeid med Vårdalen grunneigarlag stått for prosjektarbeid og produksjon av storruse med tanke på ei meir kommersiell utnytting av fiskeressursane i Otteelva.

Skim grunneigarlag

Skim grunneigarlag forvaltar og sel kort for strekninga frå kommunegrensa og austover til og med Blakar og området av Bøvre heilt opp til Andvord. Berre innanbygdsbuande kan fiske med faststående reiskap. Fiske med stong er gratis for alle under 16 år. Grunneigarlaget arbeider med planar om å utarbeide nye kart og betre skiltinga rundt Skim – som gjer fiske- og turalternativ betre tilgjengelege. Tanken er også lufta om det kan lagast eit Skim fiskesenter med god tilgang til parkering, informasjon, grillplass og utleige av utstyr for fiske.



Skim grunneigarlag vart stifta 25. februar 1964 og sette ut merka fiskeyngel med fem års mellomrom frå starten og fram til 1985. Her er Ingvar Garmo i sving i 1975. Foto Lars Bakkom.

Skjåk jeger- og fiskarlag (SJFL)

Skjåk jeger- og fiskarlag er eit aktivt lag som arbeider for å fremje jakt- og fiskeinteressene i Ottaelva og Skjåkfjella.

Skjåk Almenning

Skjåk Almenning arbeider med å få fiske i tjørner, vatn og elver meir attraktivt, både for innbyggjarane i Skjåk og for turistar og fjellfolk.

Ikkje berre småtteri

Fisking i dal og fjell er for dei aller fleste hobby og rekreasjon. Mengda på fisk som blir med heim, blir sett i andre rekkje. Likevel er det slik at den samla fangsten i Ottadalsbygdene i løpet av eit år utgjer eit ikkje ubetydeleg volum og er eit viktig bidrag både som kvardags- og festmat.

Det blir ikkje gjort fullstendige registreringar av fangstvolum. Men ein del tal og indikasjonar finst det – både av nyare og eldre dato. På landsbasis var det i 2009 teke om lag 10 000 tonn med ferskvassfisk (aure, røye, sik, ål, åbor, lågåsild, harr og ferskvasskreps).

1800 kilo i Skjåk i 1876

Det vart i 1860 fastsett nye fiskereglar for mange bygder i Norge, og Fiskeriinspektøren ba kommunane om å oppgje kor mykje fisk som vart teken. Heradsstyret i Skjåk oppga 1800 kg for 1876 og 630 kg for 1881. Det var store variasjonar i dei oppgjevne tala, noko som tyder på at dette ikkje var særleg pålitelege opplysningar.

Skim og Vågåvatnet

Fangstmengda på garn på Skim i dag kan liggje på om lag 500 kg. For 30–40 år sia var dette talet kanskje ti gonger så stort. Berre på Skim kan det kanskje ha vore teke over 5000 kg i løpet av ein sommarsesong. På 1960- og 1970-talet kan det ha vore teke så mykje som 20000 kilo fisk i Ottaelva, kanskje enda meir. Eitt kast med not på Grønfjorden i 1938 resulterte i seg sjølv i om lag 1000 fin haustharr, noko som utgjorde 200–300 kg fisk berre i det eine kastet.

Sognefjellet



Sognefjellet har god klang blant fjellfiskarar. Både innanbygds og tilreisande oppsøker dette området titt og ofte. Preststeinsvatnet er kanskje det mest populære vatnet – lett tilgjengeleg og med svært varierende vassføring på grunn av regulering. Samla fangstvolum berre på dette vatnet kan liggje på opp mot 2000 kg. Mykje av dette blir teke på stong tidleg på sommaren.

Foto: Synne Gjeilo.

“Smågrisaktig”

Sverre Husebye stod sjølv for kultivering av kjerneområdet på Sognefjellet på 1950- og 60-talet og tok initiativet til fyrste gongs utsetjing på mange av småvatna på Sognefjellet med settefisk frå Skjåk. Det var tydelegvis nok mat til fisken i dei fleste av vatna der Husebye sette ut fisk, og det var eventyrlege fangster av fisk – som var karakterisert som “smågrisaktig”.



Resultat av kultivering gjort av Husebye på Sognefjellet. Foto: Odd Repp (1967).

5000 kg på Tesse i 1923

Under arbeidet med reguleringsplanane for Tesse vart det i 1923 sendt eit brev til Stortinget frå oppsitjarane i Garmo, også signert av ordførar R. Elvesæter. Her var det utrekna at det i løpet av ein sesong vart teke om lag 5000 kg fisk på Tesse. Dette var uttrykk for det årlege fangstvolumet. I dette var det ikkje inkludert "en hel del fisk, som er disponert for eget bruk". Fiskene frå Tesse kunne vera i Kristiania "same dags aften, beliggende nær bygd og hovedvei som Tessevand er".

Det kan kanskje tenkjast at formålet med brevet til Stortinget frå oppsitjarane i Garmo var å påverke opinionen litt når det galdt verdien av fisket på Tesse. Men i tillegg kjem altså fisk "disponert for eget bruk". Pris pr. kilo fisk i 1923 var sett til kr 3,50. Salgsprisen på 5000 kilo vart da 17 500 kroner. Omrekna i dagens kroneverdi utgjør dette om lag ein halv million kroner berre for Tesse.

Ingen 30-talsdepresjon

Berekningar som er gjorde seinare, viser at fisket på Tesse hadde ein topp rundt 1935. I 1934 var det sju-åtte båtar som fiska fast med draggarn frå isen gjekk og fram til 1. juli. Samla fangst inkludert haustfiske, sportsfiske og oterfiske var i åra 1930 til 1935 utrekna til ca. 10000 kilo kvart år. Kjøpmann Bjarne Holø i Garmo omsette det meste av dette og tok desse åra imot og omsette mellom 5000 og

8000 kilo fisk kvart år. Det var omsett fisk frå Tesse for ikkje ubetydelege beløp desse harde 30-åra.

Det vart etter kvart betre tider, og fleire fekk anna arbeid. Fisket på Tesse vart ikkje drivi så hardt, og det var få som fiska med settegarn. Etter den andre reguleringa i 1963 var det dårleg fiske på Tesse i fleire år, men frå 1966 tok fisket seg opp att. Rundt 1970 er det utrekna ei samla fangst på vel 3000 kg, og tilsvarande berekning var det gjort for 1979. Etter å ha vore nede i samla fangst på garn på 600 kg var fangsten i 1991 atter oppe i 3000 kg.

Miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen i Oppland har gjort fangstregistreringar mellom anna i Aursjoen og Tesse frå 1980 til 2008. Fangsttala på Tesse for desse åra var på mellom 3000 kg (1982) og 275 kg (2007) på garn. I 2008 var det registrert fangst på i alt 785 kg fordelt på åtte rapportørar. I tillegg kjem det som ikkje er registrert av garnfiske, oter- og stongfiske.

Fiskarar på Tesse tidleg på 1900-talet ved Rolvbue i nordre enden av vatnet. Fotograf er Gregor Mo frå Vårdalen som reiste til Amerika. Mo har teke mange bilde frå Tesse og Vårdalen. Foto frå glasplate utlånt av Willie Brimie.



Rekruttering

Det er ei stor utfordring å få vekt og stimulert interessa for jakt og fiske, særleg blant den yngre garden. Salget av fiskekort held seg på eit jamt nivå, og ein del yngre har interessa for fiske og friluftsliv. Men det er plass til så mange, mange fleire, og dei lokale fjellstyra og jakt- og fiskeorganisasjonane er aktive med tiltak og aktivitetar for å få auka denne interessa.

I Vågå fjellstyre sitt område er det fritt fiske med stong, handsnøre og isonglar for alle under 16 år. Elles innførte fjellstyret frå sesongen 2001 ei ordning med gratis fiskekort for all ungdom i Vågå under 20 år, som også omfattar fiske med oter og faststående reiskap. Vågå fjellstyre og Vågå Jeger- og Fiskerforening har årleg eit opplegg med fisking og overnatting i lavvo for sjuandeklassingane. Skuleklassar vitjar også ofte fiskeanlegget til AS Vågåfisk i Randsverk.

I Finndalen statsalmenning treng ikkje barn under 16 år å løyse fiskekort for fiske med stong eller handsnøre. For fiske med oter og garn må alle ha fiskekort.

Også i Lom er det frå 2010 innført fritt fiske med stong eller handsnøre for ungdom under 20 år. Ungdom mellom 16 og 20 år må få utskrivi frikort hjå kortseljarane eller på fjellstyrekontoret mot framvising av aldersbevis. Barn under 16 år kan fiske fritt med stong utan å få utskrivi fiskekort.

Lom fjellstyre har også fleire andre tiltak retta mot barn og unge. I juni kvart år blir det arrangert familiefiskedag på Halsatjønnen. Det blir sett ut stor fisk til denne dagen, og det er premiar og naturstig.



Marius Synstnes på Halsatjønnen.
Foto: Vigdis Kroken, Fjuken.

På den årlege overnattingsturen til Grønbua i Veodalen saman med alle sjuandeklassingane i Lom er elevane med og set ut fisk i Veo, på Rindtjønnen og Steinbuvatnet, og får delta i prøvefiske.

I Skjåk Almenning har ungdom under 16 år rett til å fiske gratis med stong og handsnøre frå 1. januar til 20. august.

Barnas Turlag, som er DNTs tilbod til barn og barnefamiliar, arrangerer isfiskedag på Flatningen i samarbeid med Vågå Jeger- og Fiskerforening og Vågå fjellstyre.

Ungdomsklubben i Vågå gjennomfører kvart år fleire aktivitetar for å få ungene meir interessert i friluftslivet. For å stimulere fiskeinteressa blir det lagt opp til forskjellige aktivitetar som flugubinding, fisking og pilking. Klubben samarbeider med Vågå Jeger- og Fiskerforening og fylkeslaget av NJFF med desse aktivitetane.



Fiskegjeng frå Vågå ved Grønfjorden. Frå venstre: Vivian Kuften, Sondre Røragen, Kasper Øvstedal, Rolv Magnus Hudemstrædet, Tord Skanke, Karstein Olav Wijgaart van Dijk, Martin Snerle, instruktør Jørgen Vole, Tim Wijgaart van Dijk, Eskil Skogstad Isaksen, instruktør Tor Taraldsrud, Daniel Melgårdshaugen Sveen og instruktør Sondre Lunde (frå friluftslinja ved Lom vidaregåande skule). Foto med info: Vigdis Kroken, Fjuken.

Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning

Arealet er på 1,2 mill. dekar fjell- og skogsterreng, der det ligg ca. 130 km fiskeførande elver og bekker, og 140 fiskevatn på til saman ca. 40 000 dekar. Stongfiske er tillate for alle, både utlendingar og nordmenn. Oterfiske er tillate for alle busette i Norge. På fem av vatna er oterfiske tillate berre for innanbygdsbuande.

Fiske med faststående reiskap er lov berre for innanbygdsbuande med eitt unntak, Høyvatnet. Her er garnfiske også tillate for utanbygdsbuande.

Finndalen Statsallmenning

Her er ti vatn og 26 km elv med aure, som er opne for stongfiske. Fiskekortet dekkjer eit areal på ca. 267 000 da, der mesteparten (ca. 257 000 da) er høgfjell. I området er det store fjellvatn som Råkåvatnet og Honnsjoen, små tjørner og gode fiskemoglegheiter i elvene Finna og Råkåelva.

Skjåk Almenning

Her er det fiske i fleire hundre vatn, tjørner og elver, frå nede i dalane og opp til 1400 moh. 39 av vatna er større enn 500 dekar. Elvene strekkjer seg over til saman meir enn 230 km. Utanbygdsbuande har tilgang til fiske berre med stong og oter. Bortsett frå Aursjoen og Lundadalsvatnet er fiske lovleg frå våren til isen legg seg. Utanbygdsbuande kan kjøpe kort som gjev rett til garnfiske på alle vatn utanom Kolbeinsvatnet, Storvatnet, Leirungsvatnet og Lundadalsvatnet.

Skjåk Almenning satsar stort på å gjera fiske i Skjåk meir attraktivt. Målet er å kunne utvikle fisket kommersielt og på denne måten kunne ha meir utbytte av ressursane i naturen. Det er tilsett ein eigen fiskerettleiar som skal arbeide med å leggje til rette for fisket i Skjåk. Det er under utarbeiding ein eigen handlingsplan som skal leggast til grunn i dette arbeidet.

Vågå fjellstyre

forvaltar Langmorkje statsallmenning (884 km²) og Nordherad statsallmenning (24 km²). Det er felles fiskekort for elver og vatn i Langmorkje statsallmenning og Vågå kommune sine eigedomsvatn Flatningen, Nedre Sjudalsvatnet og Gjende med osen og elva ned til Øvre Sjudalsvatnet. Kortet gjev også rett til fiske i Diprtjønne og elva Dipra i Nordherad statsallmenning.

For utanbygdsbuande er det tilbod om stongfiske i alle vatn og elver, garn- og oterfiske på Veslevatnet, Slomtjønne, Nedre Birisjøtjønne, Birisjøen, Griningsdalsvatnet og Brurskarstjønne. I tillegg kan utanbygds og fiske med oter på Surtningen, Øvre Leirungen, Leirungstjønnin og Svartdalstjønnin. Innanbygds har utvida tilgang til fiske med garn, reiv og oter. Det er opna for isfiske på alle vatn.

Fiskereglane og fiskekortsalget gjeld ikkje for private vatn eller elvestrekningar med privat fiskerett.

Norges Jeger og Fiskeforbund (NJFF)

Norges Jeger- og Fiskeforbund er ein landsdekkjande organisasjon for jegerar og fiskarar i Norge. Laget er delt inn i fylkeslag og lokallag. Det er lokallag i Vågå og Lom.

Skjåk jeger- og fiskarlag (SJFL)

Skjåk jeger- og fiskarlag er eit aktivt lag som arbeider for å fremje jakt- og fiskeinteressene i Skjåk. SJFL vart stifta i 1942 og har om lag 200 medlemmer. Av aktivitetar kan nemnast jegerprøvekurs, temakvelder, flugukastarkurs og prøvefisking/utfisking. SJFL tilbyr sine medlemmer leige av naust med båt både på Torsvatnet, Leirungsvatnet og Raudalsvatnet. SJFL har buer i Tundradalen og ved fiskedammene i Botn (saman med Skjåk Almenning). Laget har også stått for restaurering av steinbuer ved Kollungstjønne, i Vuludalen, Raudalen og Engelskmannsbue ved Lortjønnen. Laget er ikkje tilslutta Norges Jeger- og Fiskeforbund.

inatur.no

På www.inatur.no finn du mange flotte og lett tilgjengelige tilbod om jakt, fiske, overnatting og friluftslivstilbod i heile Norge. Du kan enkelt kjøpe jakt- og fiskekort på nettet og skrive det ut på eigen skrivar. Treng du overnatting, kan du raskt finne ut når hytta er ledig, reservere og betale med kredittkort. inatur.no tilbyr nå også kjøp av fiskekort med mobiltelefonen. Rekninga blir belasta mobilabonnementet.

Kjelder:

- Huitfeldt-Kaas, H 1918.
- Fremmed fisk i to fylker. Naturkompetanse as, mars 2007.
- Direktoratet for vilt og ferkvannfisk (Trygve Hesthagen og Tor B. Gunnerød). Rapport nr. 12 1980.
- Heim og Bygd 1992 (Sigmund Garmo og Jon Kolden).
- Fiske og fiskekultivering i Skjåk, Trygve Hesthagen.
- elvedelta.no
- Fakta Nina - Niku 12/1997.
- Fiskerikonsulenten i Øst-Norge.
- Ivar Kleiven: *Lom og Skjåk*.
- Fiskeribiologiske undersøkelser i Otta- og Lågenvassdraget 1969-1973.
- Heim og Bygd 2007 (Trygve Hesthagen).
- Miljøvernadv. Fylkesmannen i Oppland, rapport 3/01.
- Miljøvernadv. Fylkesmannen i Oppland, rapport 1/04.
- Miljøvernadv. Fylkesmannen i Oppland, rapport 5/09.
- Oppdragsrapport NVE 7, 2009.
- NVE, Roar Øvre.
- Fjelstad & Gautun, 2006.
- Niva rapport l.nr. 5758-2009.
- *Science* 6. november 2009, forskning.no
- Store norske leksikon snl.no
- Årsrapport Lom og Skjåk sparebank 1996.
- Lillehammer Tilskuer 31/10 1959.
- Dagningen 6/7 1981.
- Steinar Botten, Odd Erik Aukrust, Ola Staurust Bøye, Arne Bergon, Trond Grøna, Bjørn Birkeland, Kjell Bengtsen, Torgeir T. Garmo, Berit Jeanne Brun, Kjell Bakke, Lars Bakkom, Kjell Madsen, Willie Brimi, Rønnaug Mo Hansen, Ulf Ryen, Jarle Øyjordet, Halfdan Klufte, Erling Resvold, Knut Øyjordet, Odd Repp, Stig Aaboen, Per Dagsgard, Tor Taraldsrud, Olaf Kjørren, Arne Sveine m.fl.